



*Høgstubbe med brannspor.*

*Foto J. G. Brynjulvsrud*

---

---

---

# Tilråding om vern av Grønhovdåsen naturreservat

*Fyresdal og Kviteseid kommunar*

---

---

---

Fylkesmannen i Vestfold og Telemark – mai 2019

# Tilråding om vern av Grønhovdåsen naturreservat

*Fyresdal og Kviteseid kommunar*

## INNHOLD

1.	Framlegg	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	2
2.	Heimel	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	2
3.	Verneverdiar	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	3
4.	Andre interesser	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	4
5.	Trugslar mot verneverdiane	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	4
6.	Sakshandsaming	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	4
7.	Viktige endringar under handsaminga av verneplanen	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	5
8.	Forvalting, økonomiske og administrative konsekvensar	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	5
9.	Lokal og sentral høyring	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	6
9.1.	Generelle merknader ved lokal og sentral høyring	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	6
9.2	Generelle merknader til forskriftene ved lokal og sentral høyring..	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	6
9.3	Fylkesmannen sine kommentarar og tilrådingar til dei generelle merknadene	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	7
9.4	Merknader til det føreslegne området	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	7
9.5	Fylkesmannen sine kommentarar og tilrådingar til det føreslegne området	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	....	8

## Vedlegg:

1 A: Framlegg til forskrift for Grønhovdåsen naturreservat.	....	....	....	9
1 B: Framlegg til avgrensing av Grønhovdåsen naturreservat	....	....	....	12

## 1. Framlegg

Fylkesmannen gjer med dette framlegg om vern av skog i privat eige i Fyresdal og Kviteseid kommunar i Telemark fylke. Tilrådinga gjeld oppretting av eit naturreservat i medhald av naturmangfoldloven. Framlegget til vern er tufta på ordninga med friviljug vern av skog.

Området utvidinga gjeld er:

Namn på reservat	Tal på eigarar	Kommuner	Totalt Areal (daa)	Verneverdi
Grønhovdåsen naturreservat	3	Fyresdal og Kviteseid	3055	(*/**) lokal til regional

## 2. Heimel

Området vil bli verna som naturreservat med heimel i lov av 19. juni 2009 nr.100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven). I lova er det i §§ 35 til 39 gjeve heimel for ulike vernekategoriar. Generelle mål for områdevern fylgjer av naturmangfoldloven sin § 33. Føremålet med det einskilde verneområdet må likevel skildrast konkret og knytast opp mot vilkåra som gjeld for den einskilde vernekategori i §§ 36 og 37. Naturreservat er det strengaste vernet etter naturmangfoldloven.

Vedtak om oppretting av naturreservat vert gjort av Kongen i statsråd etter naturmangfoldloven sin § 37, som lyder slik:

*”Som naturreservat kan vernes områder som*

- a) inneholder truet, sjeldan eller sårbar natur,*
- b) representerer en bestemt type natur,*
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,*
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller*
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.*

*Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettningstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd*

*I et naturreservat må ingen foreta noe som forringar verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.*

*Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettningstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkellementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel.”*

## **Vurdering i høve til naturmangfoldloven kap. II**

Med omsyn til kunnskapsgrunnlaget (jf. § 8 i nml.), så ligg det føre god dokumentasjon av arter og naturtypar i området, jf. omtala i kap. 3 Verneverdiar. Restriksjonane på inngrep og tiltak som verneføresegna regulerer vil taka vare på verneverdiene, og den bruken som vert tillate vidareført vil ha liten negativ verknad på dei. På bakgrunn av det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre er vår vurdering difor at effekten av vernet på verneverdiene og naturmangfaldet i sum vil vera positiv. Ut frå denne konklusjonen ser vi det ikkje som naudsynt å gå nærmere inn på prinsippa i naturmangfoldloven §§ 9-12.

## **3. Verneverdiar**

Eit vern av området vil sikre areal med til dels store verneverdiar. Naturreservatet har lokal til regional verneverdi.

Verneframlegget er grunna på følgjande rapport:

*Brynjulvsrud J. G. 2018. Naturverdier for lokalitet Høystulen-Roan, registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2017. NaRIN faktaark. BioFokus.*

**Weblink:** <http://borchbio.no/narin/?nid=6111>

## **Føremål**

Føremålet med naturreservatet er å taka vare på eit område som har særleg verdi for biologisk mangfald på grunn av førekomst av gamal høgareliggande barskog.

Området har særskilt naturvitenskapelig verdi på grunn av liten påverknad, førekomst av daud ved og brannstubbar og sjeldne arter knytt til desse miljøa.

Etter Fylkesmannen si vurdering fyller området dei krava som naturmangfoldloven sin § 37 set for område som kan vernast som naturreservat.

## **4. Andre interesser**

### **Planstatus for områda**

Areala er LNF-område i arealdelane til kommuneplanane for Fyresdal og Kviteseid.

## **5. Trugslar mot verneverdiane**

Skogsdrift kan i delar av området vera ein trugsel mot verneverdiane. Ferdsel og beiting vert ikkje sett på å vera noko trugsel i området i dag.

## **6. Sakshandsaming**

### **Bakgrunn**

Vern av skog har dei siste 15 åra vorte prioritert i verneplanarbeidet i Noreg. Gjennom handsaming av St.meld. nr. 25 (2002-2003) slutta Stortinget seg til Regjeringa si innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Noreg. St.meld. nr. 25 trakk opp viktige prinsipp og satsingsområde for ei slik opptrapping av skogvernet. Mellom anna at eit utvida skogvern skulle følgja dei faglege råda i rapporten ”Evalueringen av skogvernet i Norge”, laga av NINA og Skogforsk. I meldinga blei friviljug vern trekt fram som ein viktig strategi for det framtidige skogvernet i Noreg.

Friviljug vern tyder at skogeigar(-ane) tilbyr staten vern av eigen skog. Miljøvern-mynda vurderer tilboda og gjer naturfaglege registreringar for å kartleggje verneverdiane. Om det etter ei slik registrering er aktuelt å legge fram eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneføresegn og økonomisk erstatning. Det vanlege er at når staten og grunneigar er samde om desse punkta vil området gjennomgå vanleg sakshandsaming i tråd med naturmangfoldloven. Etter avtale med grunneigar kan melding og høyring av verneframlegg likevel gjerast før avtale er undertekna.

## Konkret om området

Tilbod om friviljug vern for Grønhovdåsen naturreservat vart motteke frå grunneigarane via AT Skog alt i 2012. Naturverdiane vart undersøkte i 2017.

## Melding om oppstart

Formell melding om start på verneplanarbeidet blei sendt 20. november 2018. Innkomne merknader blei kommentert i høyringsdokumentet.

## Høyring

I samsvar med naturmangfoldloven og reglane om sakshandsaming til denne, sendte Fylkesmannen framlegget til vern ut på høyring 25. februar 2019, med frist 25. april 2019. Adressatane i Kviteseid fekk dokumenta ettersende 6. mars 2019, med frist 6. mai 2019. Det blei gjort ei felles lokal og sentral høyring. Det kom inn to fråsegner til lokal høyring og fem fråsegner til sentral høyring.

## Vidare saksgang

Fylkesmannen sender, på bakgrunn av høyringsdokumentet og innkomne fråsegner, tilråding om vern til Miljødirektoratet. Til vanleg vil det på dette tidspunktet i verneprosessen vera gjennomført forhandlingar og underskrive avtaler med grunneigarane. På grunn av knappe fristar vert tilrådinga denne gongen sendt før forhandlingane er sluttført. Dette vert gjort etter avtale med grunneigarane og Miljødirektoratet.

Direktoratet legg så saka fram for Klima- og miljødepartementet, som deretter vil førebu saka og gjera framlegg om vernevedtak for Kongen i statsråd. Etter vernevedtak ved kgl. res. vil erstatninga i tråd med underskrivne avtaler bli betalt ut av Miljødirektoratet. Fylkesmannen får etter det normalt i oppdrag å gjera vedtaket kjent lokalt og sørge for at naturreservatet blir forsvarleg merka og skilta. Dette vert vanlegvis gjort ved at Fylkesmannen ber om grensegang ved jordskifteretten, i dette høvet vil det bli ved Øvre Telemark jordskifterett.

## 7. Viktige endringar under handsaminga av verneplanen.

Det vert ikkje gjort framlegg om endring av namn eller avgrensing på området.

## 8. Forvalting, økonomiske og administrative konsekvensar.

Det er etter Fylkesmannen si vurdering ikkje trond for forvaltingsplan for dette området. Vern av området vil ikkje føre med seg stor trond for oppsyn.

## 9. Lokal og sentral høyring

Verneplanen vart sendt på lokal høyring til grunneigarar, Fyresdal og Kviteseid kommunar, Telemark fylkeskommune, og til følgjande brukarorganisasjonar, regionale statlege etatar, næringsinteresser og lokale interesseorganisasjonar:

Fyresdal Bondelag, Fyresdal jakt og Fiskarlag Kviteseid Bondelag, Kviteseid JFF, Kviteseid skogeigarlag, Vest-Telemark lokallag av Norges Bonde- og Småbrukarlag, Forum for Natur og Friluftsliv Telemark, Naturvernforbundet i Telemark, NJFF Telemark, Norsk Ornitologisk forening Telemark, NVE Region Sør, Statens vegvesen Region sør, Telemark Bonde- og småbrukarlag, Telemark Bondelag, Telemark Botaniske forening, Telemark Orienteringskrets, Telemark Sau og Geit, Telemark Turistforening og Vest- Telemark kraftlag.

Verneplanen vart sendt på sentral høyring til: AVINOR AS, Bane NOR SF, Den Norske Turistforening, Direktoratet for kulturminneforvaltning, Direktoratet for mineralforvaltning, Forsvarsbygg, Friluftsrådenes Landsforbund, Institutt for biovitenskap - Universitetet i Oslo, Kommunenes sentralforbund, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Natur og Ungdom, Naturvernforbundet, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Geologiske Undersøkelser, Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Luftsportsforbund, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Norges Miljøvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat, Norsk Biologforening, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Friluftsliv, Norsk institutt for bioøkonomi, Norsk institutt for naturforskning, Norsk Organisasjon for terrengsykling, Norsk Orkideforening, Norsk Ornitologisk Forening, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Forening, NORSKOG, NSB hovedadm., NTNU Fakultetet for naturvitenskap og teknologi, NTNU Ringve botaniske have, NTNU Vitenskapsmuseet, SABIMA, Språkrådet, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Universitetets naturhistoriske museer og botanisk hage, Vegdirektoratet, WWF-Norge.

### 9.1. Generelle merknader ved lokal og sentral høyring

#### Lokal og sentral høyring

Ingen merknader.

### 9.2 Generelle merknader til forskriftene ved lokal og sentral høyring

#### Lokal og sentral høyring

Ingen merknader.

### 9.3 Fylkesmannen sine kommentarar og tilrådingar til dei generelle merknadene

#### **Lokal og sentral høyring**

Ingen kommentarar.

### 9.4 Merknader til det føreslegne området

#### **Lokal høyring**

Statens vegvesen Region Sør (brev dagsett 22.04.2019) har ingen merknader til forslaget.

NJFF Telemark (brev dagsett 23.04.2019) uttalar følgjande: «*Så langt vi kan se, ivaretar forslaget til verneplan for alle de syv naturreservatene i hovedsak NJFF Telemark sine interesser. Vi har likevel en innvending til forslaget i §7, for reservatene «Urdknuten», «Brokefjellet», «Bjørndalsfjellet» og «Bambleåsen». Normalt bruker det under §7, «Unntak det kan gjevast løyve til», å være et punkt som sier at «Forvaltningsmyndigheten kan etter søknad gi løyve til tiltak i forbindelse med forvaltning av vilt og fisk», dette er utelatt fra verneforskriftsforslaget til de fire reservatene nevnt over. NJFF Telemark ønsker dette punktet inn igjen under §7. Ellers har vi ingen innvendinger til vern, så lenge verneforskriften forblir uten vesentlige endringer.*»

#### **Sentral høyring**

Språkrådet (brev dagsett 27.02.2019). Språkrådet har ingen merknader til namneforslaget.

Riksantikvaren (e-post dagsett 28.02.2019) uttalar følgjande:

«*Vi viser til høring av verneplaner for syv nye naturreservat i følgende kommuner: Bamble, Drangedal, Fyresdal, Kviteseid, Seljord og Skien.*

*Fylkeskommunen er høringspart for kulturhistoriske interesser i slike saker. Vi viser derfor til kulturminneforvaltningen i Telemark fylkeskommune og behandler ikke saken.*»

Statnett (brev dagsett 15.03.2019) har ingen merknader.

Bane NOR (brev dagsett 23.04.2019) uttalar at verneframleggget ikkje rører ved jernbanen sine interesser og at dei difor ikkje har merknader til det.

Norges vassdrags- og energidirektorat, NVE, (brev dagsett 26.04.2019) haringen merknader.

## **9.5 Fylkesmannen sine kommentarar og tilrådingar til det føreslegne området**

Mindre språklege endringar og rettingar i forskriftene blir ikkje kommentert nærare.  
Større endringar og tilføyinger er vist i kursiv.

Friluftslova opnar for sykling på stigar, men sidan det ikkje er stigar i dette område, er sykkel teke med i forbodet i § 5 b.

### **Konklusjon:**

Fylkesmannen rår til at Grønhovdåsen naturreservat vert verna med dei endringane som her er gjort greie for, og vidare med verneforskrifter og avgrensingar som vist i høyringa. Sjå vedlegga 1A og 1B.

## Vedlegg 1 A :

### **Forskrift om vern av Grønhovdåsen naturreservat i Fyresdal og Kviteseid kommunar i Telemark fylke**

Fastsett ved kongeleg resolusjon .... med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremma av Klima- og miljødepartementet.

#### **§ 1 Føremål**

Føremålet med naturreservatet er å taka vare på eit område som har særleg verdi for biologisk mangfald på grunn av førekomst av gamal høgareliggende barskog.

Området har særskilt naturvitenskapelig verdi på grunn av liten påverknad, førekomst av daud ved og brannstubbar og sjeldne arter knytt til desse miljøa.

Det er ei målsetjing å behalde verneverdiane i mest mogleg urord tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

#### **§ 2 Geografisk avgrensing**

Naturreservatet omfattar delar av følgjande gnr./bnr.: Fyresdal: 92/1, 93/ og 93/20  
Kviteseid: 3/5

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. 3 055 dekar.

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk .....datert Klima- og miljødepartementet ... Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Fyresdal og Kviteseid kommunar, hos Fylkesmannen i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

#### **§ 3 Verneregler**

I naturreservatet må ingen foreta seg noko som vil skade verneverdiane som er nemnde i føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (medrekna lav) eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller sång av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig uroing. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Området er verna mot alle tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna konsentrert forureining, dumping av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d) Bruk av naturreservatet til idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.

#### **§ 4 Generelle unntak frå vernereglane**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær og matsopp.
- b) Beiting.
- c) Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt.
- f) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- g) Forsiktig rydding av småbuskar og kvist på postar i samband med jakt på storvilt.
- h) Utsetjing av saltsteinar.
- i) Brenning av bål med tørrkvist eller ved ein har med seg i samsvar med gjeldande lovverk.

#### **§ 5 Regulering av ferdsel**

All ferdsel skal skje varsamt og taka omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsel på land er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.

- b) *Sykling*, bruk av hest og kjerre og riding er forbode.

## **§ 6 Generelle unntak fra reglane om ferdsel**

Reglane om ferdsel i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er fastsett av forvalningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje for øvingsverksemd.

Reglane om ferdsel i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Kjøretøy som nyttast skal vere skånsame mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før transporten tek til.
- b) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekjøretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c) Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

## **§ 7 Unntak det kan gjevast løyve til**

Forvalningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

- a) Tiltak i samband med forvalting av vilt og fisk.
- b) Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stigar og gamle ferdelsvegar.
- c) Hogst av etablerte plantefelt.
- d) Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- e) Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar som nemnde i § 3 d.
- f) Mellombels gjerding i samband med beiting.
- g) Øvingskjøring for formål nemnt i § 6 første ledd.
- h) Uttransport av felt elg og hjort med anna kjøretøy enn lett beltekjøretøy som nemnt i § 6 andre ledd, pkt. b.
- i) Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 h og § 7 a, c, d og f.

## **§ 8 Generelle reglar for dispensasjon**

Forvalningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strid mot formålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

## **§ 9 Skjøtsel**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

## **§ 10 Forvaltingsplan**

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

## **§ 11 Forvaltingsstyresmakt**

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

## **§ 12 Iverksetjing**

Denne forskrifta tek til å gjelda straks.

**Vedlegg 1 B: Kart over Grønhovdåsen naturreservat, sjå eige vedlegg.**